

MØTE VED STRAUMEN

Diktarpæret i Midtbes bakkar


Manuskript: Tore Tveit

Musikk Henrik Ødegaard 1997

Møte ved strømmen, musikk.

- ① Forspill 1'
- ② Overgang → "Min unge sang" 15"
- ③ Overgang → "Å, desse kveldene" 10"
- ④ "Ein kveld i Verona" 1'30"
- ⑤ "Snø og granskog" 1'20"
- ⑤^b Overgang → Morgonfuslar 15"
- ⑥ "Tre i skogen" 2'
- ⑦ "Lykkelege hender" 2'30"
- ⑧ Overgang (... det djævelske spelet) 25"
- ⑨ Overgang "Ungane sprang" 15"
- ⑩ "Melomusikk" "Den ystige dagen..." 40"
- ⑪ "Regn over Hiroshima / Vo plantar krinna" 1'35"
- ⑫ "Det var eingang / Treet" 3'
- ⑬ "Vejend / i kipa bli" 40"
- ⑭ Overgang → 1947. Eg tyde fenti 10"
- ⑮ Overgang → Tare: var alt lykkeleg ... 15"
- ⑰ Overgang "Punktum" 10"
- ⑱ "Einsam flygar" 1'10"
- ⑲^a Overgang: "Stor ring" 10"

20	"Ord over grind"	2'15"
22	Fri "Isloftet"	1'10"
23	Overgang → "Eg liker jenter"	15"
24	Overgang → triumfer : 60-åra	10"
25	Overgang → "komane, bakkanne..."	10"
26	"Liv ved strømer"	1"
27	"Ta mi hand"	1'15"
28	"Nesten ingen ting"	2'15"
		<hr/>
		27'10"



① Forspill "E^b-dur"

$\text{♩} = \text{ca. } 120$

Viola

mp

Cello

mf

7

poco rit - - - - *a tpo*

13

f

19

f

24

mp

mf

30

poco


poco

39

molto rit.

p

p



①

(Musikk-intro. HO inn)

HO

Over meg har eg ein kveldshimmel
full av drivande skyer.
Solens Eventyrlande.

Utbreidd for mitt syn
ligg eit stort landskap
under vekslande spel
av lys og skugge.

Somt i landskapet er klart synleg.
Anna ligg i skugge.
Skulle gjerne sjølv
dytte meir inn i skuggen.

Men nei.
Lat lyset løfte fram
også det ein ønskjer ikkje var der.
Alt var livet.

Kva er stort, kva er smått no?
Klarast i minnet
står tider og stunder
da ein heilt og fullt
kjende ein var til.

HAN (inn)

Jaja, men vi hadde no nok å krangle om óg. Både når vi var
saman og pr. brev.

HO

Og så tungtvint som det er å kjekle i brev!

HAN

Eg trur fast at ekteskapet øydelegg talentet, både hjå mann og
kvinne...

HO

... ein kan køyre opp med motprov...

HAN

...men dei er få! For ein bokmann som ikkje er økonomisk uavhengig, må det vera drepende å ha huslyd... Kjære Halldis, du hev eit kostbart talent å ta vare på. Vil du bli ein stor lyrikar so vent, vent med å smi deg fast...

HO

Og aldri ville eg gifte meg, trudde eg. Så alt var klart mellom oss slik.

HAN

Den andre diktsamlinga til Halldis var nettopp utkomen. Ho var i Oslo med mor si...

Eg var oppom Aschehoug forlag, og der møtte et Mikkjel Fønhus, han var på bytur han óg. Han spurde om eg kunne ha lyst til å treffe han og Tarjei Vesaas på Bondeheimen. Klart eg hadde lyst! Men da eg kom dit, var den gode Mikkjel fordufta, han hadde kome i tankar om noko anna han måtte gå på nett da.

HAN

Fønhus altså ute, men Vesaas inne...

HO

Eg sto spent og venta, såg han kome mot meg innanfrå den lange korridoren.

HAN

Du kom inn til meg på Gjestestova med Rouge på lippone!

HO

Etter det fotografiet som vanka rundt i avisene den hausten, hadde eg sett for meg ein stuttvaksen, kraftig kar, tverraksla med snau skolt. Men han var heilt annleis å sjå til enn eg hadde trudd. Høg, slank, ledig. Han spurde straks: Skal vi gå ned på Theatercafeen og få oss middag?

HAN

Det passa bra. Vi dit, fann eit bord. Maten kom på borrdet. Ho var svolten og tok for seg...

HO

Men han...? Svært så varsamt han forsynte seg?

HAN

Ja, eg kom beint frå middagsbordet på Bondeheimen, eg.

Så du kjøpte ein ekstra middag berre for at vi skulle få vera i lag! Ein liten triumf med ein gong. Og straks etter ein til: Ei sigarettjente kom bort til bordet vårt. Han kjøpte ein ti-pakning, baud meg, tende ein sigarett sjølv.

HAN

Det vart no elles med eit par drag, så stumpa eg røyken og gav ho heile pakka.

HO

Første og siste gong eg har sett han røyke.

HAN

Då Halldis kom heim til rommet, hadde mor hennar lagt seg. Men ho sov sjølvsagt ikkje.

2

"Min unge sang"

HAN:

"Var han normal han da?"

♩ = ca. 60

Handwritten musical score for the first system. It consists of two staves: a treble clef staff on top and a bass clef staff on the bottom. The time signature is 2/2. The treble staff begins with a *mf* dynamic marking. The melody in the treble staff starts with a half note, followed by a quarter note, and then a series of eighth notes. There are several slurs and ties. The bass staff provides a harmonic accompaniment with chords and single notes. A *p* dynamic marking is visible at the end of the treble staff.

Ho: Du tower igjennom snevnen ---

eg ander og lever i deg,
er er deg, min unge sang.

Handwritten musical score for the second system, identical in notation to the first system. It consists of two staves: a treble clef staff on top and a bass clef staff on the bottom. The time signature is 2/2. The treble staff begins with a *mf* dynamic marking. The melody in the treble staff starts with a half note, followed by a quarter note, and then a series of eighth notes. There are several slurs and ties. The bass staff provides a harmonic accompaniment with chords and single notes. A *p* dynamic marking is visible at the end of the treble staff.

HO

Med same eg opna døra, kom røysta hennar innanfrå rommet:
"Nå, du trefte Vesaas?" Ja visst hadde eg treft han. Mor
spurde tørt:

HAN

"Var han normal han då?"

(Musikk)

2

HO

Du tonar igjennom svevnen,
du vekker meg glad kvar gry,
du følgjer meg trutt all dagen
og kling frå kvar soleglads-sky.
Og du er den gud eg dyrkar,
min venn og min hjartanskjær,
og elskhugs- og lidingsbarnet
eg under mitt hjarte ber.

Ved deg er eg evig usæl,
fredlaus, fortapt, fordømd.
Ved deg er eg drott på jorda
og gud i den blåe rømd.
Min helhest, min himmelstige
og meininga med min gang,
eg andar og lever i deg,
eg er deg, min unge sang.

HAN

Eg vart heilt hugteken av hennar unge sang.

HO

Tenk det, hugteken...

HAN

Byrja det kanskje ikkje eigentleg med ein ung sang...?

HO

Anei, eigentleg byrja det lenge før eg møtte deg. Eg las prosadiktet ditt MOLD. Det fekk meg reint til å flyge i taket.

~~HAN~~

"Eg trur at det ein stad, langt borte eller nær, må vera eit hjarta som svingar og slår i takt med mitt og kjenner gleder og suter just i same stund som eg..."

HO

Var det kanskje ikkje ein eigen inste draum ein her såg på trykk?

HAN

Det sa du ikkje den gongen. For dagen etter det fyrste møtet, gjekk me i Slottsparken og ramsa opp dikt av Olaf Bull for kvarandre. Du skulle vidare til Sveits neste dag. Til den sekretærposten du hadde hatt eit par år.

HO

Han hadde overdrevne forestillingar om kor mondent og forder-
va Geneve-miljøet - som eg unekteleg treivst godt i - var.
Men vi skreiv flittig til kvarandre om vinteren.

HAN

"Her i Vinje er det helg, i alle fall arbeidskvild, frå jol-
eftan til andre nyår. Eg hev siti heime, hev ikkje vore i noko
forsamling av noko slag. Slik er det med forsmlingane og meg.

HAN forts.

...Og ikkje finst det nokoslags glans eller fest ved meg. Du kjem visst ikkje i hug kor enkelt og daglegdags alt mitt er. Du likar visst fest du, naturleg nok. Eg hatar all "selskape-
lighet" som pesten. Men eg likar jenter.

HO

- Marilyn Monroe

Så eit reisestipend var brukt til friarferd - og det er vel det som er best nytta av alle. Som ein strek fór stipendiaten til Genfersjøen og trefte jenta. Det gjekk no som ein kunne tenkje...

HAN

Ho var på stasjonen og møtte meg, ein mørk, varm kveld først i juli. Det første vi måtte få unnagjort, var å drikke dus. Vi hadde gått over til å skrive du i breva, men det måtte forseglast med ein skål.



HO

Han hadde ikkje fått veksle pengar enno - måtte låne av meg til sjampagneflaska...

Han skulle aldri gifte seg, nei visst. Så eg trudde i grunnen ikkje at det var ein friar som kom...

HAN

Men det var det visst...

③ "Å, disse kveldane våre

Hto: ... Heilt sikkert kom til å mislykkast.

Handwritten musical score for Violin (Vla) and Cello (Cello). The score is in 4/4 time with a tempo marking of $\text{♩} = c = 80$. The key signature has one sharp (F#). The first system includes a *mf* dynamic marking and a *Sul A* instruction. The second system includes *ord.* and *rit.* markings.

Å, disse kveldane våre, så
rart å leve då! (-) sitte urørleg og utan ord, og berre la stunder gå

Handwritten musical score for Violin (Vla) and Cello (Cello). The first system includes *pizz.* and *arco* markings. The second system is empty.

Vake i lag med stjerner (-) under full djup ro frå alt som sov
inn i mørkret, undre seg

Handwritten musical score for Violin (Vla) and Cello (Cello). The first system includes *pizz.* and *arco* markings. The second system includes a $\# \text{rit}$ marking.

still og sæl: Tru ditt sinn er gått opp i mitt, så nær som du er meg no?
- kveldane våre! Dei strank ut alt som skil mellom sjel
og sjel

Handwritten musical score for Violin (Vla) and Cello (Cello). The first system includes a *pizz.* marking. The second system includes *mp, dolce* and *sul A:* markings. The third system includes a *mp, dolce* marking.

HO

Du fortalde at du åtte ein gard i Vinje, og drog opp eit par fotografi frå lomma og viste meg Midtbø. Sa at skulle vi leve saman, måtte det bli der. Noko by- og bohempliv, som du lenge mistenkte meg for helst å ville hatt, hadde du ikkje mot på. Da ville vi fått det så smått at ekteskapet...

HAN

... Livets største vågestykkje!

HO

... Heilt sikkert kom til å mislykkast!

(Musikk-overgang?)

3

HO

Å desse kveldane våre! - så rart å leve då!
sitte urørleg og utan ord og berre la stunder gå,
vake i lag med stjerner, ande i fulldjup ro
frå alt som sov inni mørkret, undre seg still og sæl:
tru ditt sinn er gått opp i mitt, så nær som du er meg no?
- Kveldane våre! dei strauk ut alt som skil mellom
sjel og sjel. -

HAN

Berre legg urædd og omsynslaust i veg, med ditt varme rare kvinnesinn, som du hev gjort i sume dikt før... (Men ver varsam med dei dikti, kjære du er, gjer dei låge og stille, og ikkje bruk fleire adjektiv enn dei tåler...

HO

Som ein konkylie gjennomstrøymt
av havet er huset. Ustanseleg trår
havet mot landet idag som i går
- vi høyrde det sang gjennom alt vi har drøymt.
Enn smakar det hav av oss, vi som vart kysst
og vogga og femnt av det gårsdagen lang,
- du er som det når du tek meg i fang,
bølgje er du mot munn og bryst.
- Drukna du meg? nei alt godt du veit av
vil du meg, våg frå det vide hav!

HAN

Du er eit rart menneske, min deilig pike.

Glad og rar og ukjenneleg er eg no - trass i alle skuggar og
medfødd tungsinn. Eg kysser deg...

HAN forts.

Vil du gje meg handa ved månens skin,
laur du er
Under open himmel. Over open avgrunn.

Som lauv
er du og eg.
Fort skjelvande
og fort borte.
Kom -

HO

Me fann fort ut at me måtte møtast att, i jula, i Italia.
Tarjei drog dit i midten av desember og venta på meg...

(Musikk?)

(4) →

④ "Ein kveld i Verona" HAN: I denne stunda snør det sikkert heime - / der blir
 og venta på meg. / det jul som før imellom fjell. / Den helga
 eg skal ha er ikkje inne, / men rullar mot
 meg utan stans ikveld

♩ = ca 100

cello

Sul taato, p:

Perrongen yr av liv - den seine timen, / med lamper heng som
 frukter høgt på strå. / den gamle byen ligg som gløymd i skuggen,
 no er det toget folk står ventar på

Eit tog i natta. Spend eg står og lyer / som at ei salte, salte
 kalling kom. / Ei sjente kjem ved midnatt til Verona, / - for
 vi skal halde jul i løg i kom.

Tro blanke stålband glæder av i mørket /
 der lys signala stille lyfter seg. / Kom tog. Kom. snart.

Eg stirrer tytt på skina: / no skjelv ho fint fordi du er på veg.

Polo n

litt mer

HAN

I denne stunda snør det sikkert heime - 2.
der blir det jul som før imellom fjell.
Den helga eg skal ha er ikkje inne,
men rullar mot meg utan stans i kveld.

Perrongen yr av liv den seine timen,
med lampar heng som frukter høgt på strå.
den gamle byen ligg som gløynd i skuggen,
no er det toget folk står ventar på.

Eit tog i natta. Spend eg står og lyer,
som at ei sakte, sakte kalling kom:
Ei gjente kjem ved midnatt til Verona,
- for vi skal halde jul i lag i Rom.

Tvo blanke stålband glader av i mørkret
der ljossignala stille lyfter seg.
Kom tog. Kom snart. Eg stirrer trylt på skina:
no skjelv ho fint fordi du er på veg.

HO

Men nyttårsfeiringa var blanda med vemod: Vi bestemte oss for
å ikkje møtast på eit års tid. Eit prøveår.
Eg fekk eit brev frå Tarjei, frå Wien: "...Som det no stend
til med finansar og inntekter so synest eg det er tankelaust
å renne til hals over hovud, anna vente litt..."

HAN

...Du hev visst ikkje større betenkningar du. Hadde du hatt
alle dei eg hev, so ville det vore tryggare. Eg hev ei vedund-
ers evne til å lata småting og småsuter plage meg..."

HO

Slikt gjorde meg nok litt betenkt. Men i tanken på vårt fram-
tidige samliv var nok Tarjei meir pesssimistisk enn eg: Det
var eit farleg eksperiment for ein skrivande mann i trange kår
å binde seg til ei kvinne, så visst når ho var så bortskjemd
som han trudde eg var...

~~HAN~~

HO forts. les

" Med omsyn til festar og lag så veit du kva eg er for ein umogeleg kjedeleg mann, ikkje dansar eg og ikkje spelar eg brigde, og dermed er alt sagt..."

HAN

...Ikkje er eg det minste kar til å ture heller. Eg er altså null på ein fest. Men du får prøva å gjera så mykje ut av den siste ungarstidi di som mogeleg, danse og bera deg frå fest til fest, eg unner deg det av hjarta. I Trysil! Men ikkje i desse gjennomrotne legasjonskrinsane der du vankar no!

HO

Ein fugleflokk flaug forbi huset,
dei kom frå den kanten du bur.
Bak blåner der sola glatte nyss
lever du, ventar vårt liv.
- Er eg den du trur?

5 →

HAN

Ein av dei første dagane i mars 1933 drog eg til Vinje, heim til djup snø. Det er rart det, ein stilnar, det er vidunderleg å koma heim...

(Musikk)

5) Snø og granhog

H0: Er du den eg trur?

Han: Ein av dei fyrste dagane i mars

Cello

$\text{♩} = ca. 88 \text{ fr } \text{min}$

1933 drog eg til Vinje, heim til djup snø. Det er rart det, ein stilnar, det er vidunderleg å koma heim

Tale om heimleg / snø og granhog er heimleg / frå fyrste stund / er det

Vårt. / Før nokon har fortalt det, / at det er snø og granhog, / har det plass i oss / og sidan er det der / heile, heile

tida (-) Meter djup fonn / kring mørke tre / - det er for oss! (-)

Innblanda i vår eigen

ande. / Heile, heile tida, / om ingen ser det / har vi snø og granhog med

Ja lia med snøen (-) og tre ved tre så langt ein ser (-)

Sul A:

kvar vi er/vender vi mot det (-) og her i oss ein lornad /

8va

om å koma heim, (-) koma heim, / gå borti der / bøyge greinar (-)

8va

og kjenne så det fer i ein kva det er å vera der ein høyrer til. / Heile, heile tida (-) til

8va

det er sløkt i våre innlandshjarte. (-)

HAN

Tale om heimsleg -
snø og granskog
er heimsleg.

Frå første stund
er det vårt.
Før nokon har fortalt det,
at det er snø og granskog,
har det plass i oss -
og sidan er det der
heile heile tida.

Meterdjup fonn
kring mørke tre
- det er for oss!
Innblanda i vår eigen ande.
Heile heile tida,
om ingen ser det,
har vi snø og granskog med.

Ja lia med snøen
og tre ved tre
så langt ein ser,
kvar vi er
vender vi mot det.
Og har i oss ein lovnad
om å koma heim.
Koma heim,
gå borti der,
bøye greiner,
og kjenne så det fer i ein
kva det er å vera der ein høyrer til.

Heile heile tida,
til det er sløkt
i våre innlandshjarte.

" musikk slutt "

HO

Endeleg var det lange venteåret slutt.

Vi kom til Vinje ein av dei fyrste dagane i desember. Og dagen
etter gjekk vi ut til Midtbø.

Omsider var vi framme på ein bakketopp og sto og såg ned i ei
grend. Vår grend, Særensgrænd... Midtbø, verslitne tømmerhus
i firkant rundt eit bakket tun. Våningshuset var det einaste
som var måla, sikkert for lenge sidan, den brunqule okerfargen


5B) Over gang.

$\text{♩} = 120$

Daggstrå daskar...



pizz:



Ho forts.

var falma og avsliten. Tarjei hadde måla og pussa opp sume rom, men det sto att mykje. Den store stova var mørk og tilrøykt... og kvar skal vi vaske oss?

HAN På kjøkkenet, sa han.

Vi treng vel ikkje gjera det meir grått enn det er! So Leo

Det blei nok spørsmål om å jenke seg...

HAN

På baa sider!

HO

Små varsel om det tok til å melde seg i dei par vekene eg var hjå deg. Som berre det at den eine av oss var like klart A-menneske som den andre B.

(Musikk?)

HAN

Doggstrå daskar støvlane
på stigen opp frå stranda.
Enno blinde ruter
møter fram i tunet.
Katt, hospiterande,
med rompa reist,
følgjer forventningsfullt inn.
Kjøleg klask av hanka på benken.
For all del varsamt:
Ikkje å vekke ein viss person
med nasen i puta.
A, vi utskjelte morgonfuglar.

HO

Men å trekke seg, no? Der var likevel utenkeleg!

HAN

12. april 1934 vart vi vigde av sokneprsten i Trysil. Og to dagar etter drog vi til Vinje... Hadde det fyrste inntrykket av Midtbø vore litt desemberdystert og grått, var Midtbø, slik det no tok imot oss mist i april...

HO

... noko heilt anna! Snøen var i ferd med å smelte, rann av stad i stride bekkar nedover alle Midtbøs bakkar...

HAN

Har alle varme regnskur gjort deg ør?
Det har dei ved stilla innimellom,
med brå-sol, toreluft og gitar
som dine blomar lokkar fram -
For det blømer i Midtbøs bakkar så vi er ville.
Her rykker i rota og vil danse.
Her er tusen fleir enn vi tenkte.
Kvar levedag er det annleis enn det var før.

HO

Vi gjekk turar i heiane eller rodde over vatnet. Vi ville gjera oss kjende med dette landskapet som vi skulle leve i. Og hjartet i ein hogg til av glede når ein hørte kjærasten sin seie, der han smaug etter ein gjennom eit tett skogsnar...

HAN

Du er ei lang, smal jente....

(Musikk - leikande)

6 →

b) Tre i skogen

HAN --- du er ei lang smal jente.

con sord.
Ho: klukk, klukk, klukk...
Han: Kykkelikygg!

Vla
Cello

f *pp*

Ho: Vi kunne halde det gåande lenge med klukking og galing, både innandørs og utandørs når vi var ute og gjekk. Folk horte oss sikkert - lurar på kva dei tenkte.

Vla
Cello

mf *pizz*

du heiter Buff. Han: Og du heiter Buffi.

Vla
Cello

pp *mp* *pizz* *mp*

$\text{♩} = \text{ca. } 63\downarrow$

Kjære, eg tykkjer min lekam/veks inn til din no, meir og meir/lik

Vla
Cello

p

⑥ s 2.

eit tre i skogen, / som luter seg inn til eit anna. (—)

Mjuke
↑

greiner vind seg ikring deg, / kronene våre blander sitt lauv,

røtene, dei usynlege, / tvinnast saman i elsk / djupt i mudd og natt. /

Så stor ein skog! / og vi som får vekse her saman! / Urorlege

(6), ny s. (3)

står vi: no går ein mild og alvorleg kveld / gjennom skogen. /

Vla

Cello

Vla

Cello

mf

mf

HAN: Bærer igjennom vår krone, og / på
 vegen sin over all jorda, og liksom
 kjerteikn ned etter all vår merg
 Vake andar vi mot han.

Tek han vårt andedrag med, /
 med som ein straum i
 sitt hav? / Då heiter den
 strømmen: Lykke. / Mørkret bl
 tett i vår krone. Natte
 gjennom heile
 vår skog.

pp

pp

Og natta gror vidt og nært / full av
 stjerner.

Vla

Cello

mf

mp

pizz:

p (SulA)

HO

Klukk, klukk, klukk, klukk....

HAN

Kykkelikyyy!

HO

Vi kunne halde det gåande lenge med klukking og galing, både innandørs og når vi var ute og gjekk. Folk hørte oss sikkert - lurar på kva dei tenkte...?

Buff! Du heiter Buff...

HAN

Og du heiter Buffi.

(Musikk)

HO

Kjære, eg tykkjer min lekam
veks inn til din no, meir og meir,
lik eit tre i skogen
som luter seg inn til eit anna.

Mjuke greiner vind seg ikring deg,
kronene våre blandar sitt lauv,
røtene, dei usynlege,
tvinnast saman i elsk
djupt i mold og natt.

Så stor ein skog! og vi som får vekse her saman!
Urørlege står vi:
no går ein mild og alvorleg kveld
gjennom skogen.

Bårar igjennom vår krone óg
på vegen sin over all jorda,

HAN

glir som kjærteikn
ned etter all vår merg.

(7A)

Overgang → Lykkelege hender.

H₀: ... ungen kome, - og sola suudd.

♩ = ca 120


mp

mf

mf

p

p



HAN forts.

Vake andar vi mot han.
Tek han vårt andedrag med,
med som ein straum i sitt hav?
Då heiter den strauken: lykke.

- Mørkret blir tett i vår krone.
Natt gjennom heile vår skog.

HO

Og natta gror vidt og nært
full av stjerner.-

HAN

På solkvervdagen, 21. desember 1935, fødte Halldis ein gut,
Olav. Det gjekk føre seg på garden.

HO

Ikkje eit ord om kor redd han var. Hushjelpa og jordmora var
på plass, og alt såg ut til å gå som det skulle, men han sende
likevel bod på distriktslegen. Innan han kom fram i snøføyka,
hadde ungen kome - og sola snudd.

HAN

Mamma sit og skal dikte, ho,
og ungen ligg i korga og skrik.
Mamma skulle ha seg eit rim på "gråt",
ungen veit om eit, og derfor skrik han slik:
ungen er så våt, så våt.

Mamma må nok heller legge bort sin penn
og finne fram tørre bleier.
Så, no er ungen tørr og varm

HO

- men trur du kanskje ungen teier?
Ungen vil ha mat! Men det er ikkje mattid enn!

(7 B)

Overgang fra "Lykkelege hender"

Lykkelege hender...

Lykkelege hender.

Ein gang skal det bli sælt

å få kvile for godt.

Handwritten musical score for 'Lykkelege hender'. The score is written in treble and bass clefs, with a key signature of one sharp (F#) and a 3/4 time signature. The music is divided into three systems. The first system starts with a forte (f) dynamic. The second system includes a fortissimo (ff) dynamic and a watermark 'This music is copyright protected'. The third system includes a fortissimo (ff) dynamic, a 'ord:' marking, and a mezzo-piano (mp) dynamic. The score features various musical notations including notes, rests, slurs, and dynamic markings.

HO

Lykkelege hender!
Frå gjerning til gjerning som ligg og ventar
berre på dei
går dei dagen lang.

Tene ved livsens grunnkjelder får dei.
Hendene skapar brød,
deler ut føde ved dekte bord, til svoltne munnar.
Tøy glir gjennom dei, blir til klær,
klær glir gjennom dei, blir reine og glatte,
sveipar seg angande kring lemmene våre,
ligg og lyser kvitt over bord og seng.
Flekker og støv og søle kverv under hendene,
Dei vil alt ikring dei skal skine.

Lykkelege hender -
vatn lever dei i, og tek i tre,
i jønn og i mangt slags metall,
kaldt og varmt,
kveiker lys, gjer opp varme.
Blomar får dei røre ved, og alt som skal vekse,
stryke eit dyr over pelsen,
stø opp ein plante som held på bognar,
halde vårt kring ei kosteleg bok.
Heile dagen er hendene fulle.

Og kvelden kjem til dei
med nye gåver:
klær, vatn,
puter å glatte,
eit barns fine hud og mjuke hår
å røre varleg
eit elska andlet
med trøytt drag.

Og når natta er der
søvd dei inn i mørkret
stille og varme
hos to andre stille varme hender.

Lykkelege hender.
Ein gang skal det bli sølt
å få kvile for godt.

(Musikk endrar karakter - "trugande".)

7B

7c

Den store katastrofen bygde


seg opp.

HAN: Umåteleg ...

7d

Vona om ei ny jord

lever.



Vævere og me

HO

I Europa rulla store, nådelause hjul knusande fram over det eine landet etter det andre. Skuggane frå hjula fall tungt inn over vår vesle idyll óg. I mars hadde Hitler tatt Østerrike, og deretter skulle han knuse Tsjekkoslovakia. Den store katastrofen bygde seg opp...

7c

HAN

Umåteleg
er ljósbruken i hjarteverkstandene.
Moderhjarte blir fullførde og går på plass.

Mørke er også hjarteverkstadene.
Krigsfolk
får ferdige sine innreidingar.

Uendeleg
er tolmodet i hjarteverkstadene.
Vona
om ei ny jord lever.

7d

HO

13. januar 1939 kom Guri til verda. Men utover våren og sommaren vart det vanskeleg å halde skuggane og varselklokkene frå Europa unna liver på Midtbo.

HAN

Med meg er det slik at det blir ingenting av nokonting for tida. Er berre uviss. Det visse er den vesle jenta... Ein lever liksom provisorisk no, vågar ikkje å tenke framover. Det er for meg slik at det tærer på arbeidskrafta. Ein må vita at ein hev tid, for å legge i gang.

HO

Det fine varme seinsommarveret varte langt utpå hausten. Vi

8

...heile det djævelske spelet.

$\text{♩} = ca 92$

Vla

Cello

Vla

Cello

Vla

Cello

Ho: Tari ei sat...

HO forts.

tok på nytt til å ro opp til sandstrendene ved Vinjevatn med ungane. Sat der tett saman, teiande, og såg på dei brune kroppane som boltra seg i vatnet og i sanden. Godt dei var så små at dei ingen ting skjøna av det som no var sett i gang ute i verda... Ikring oss låg eit grønt sommarlandskap, så stilt og fredfullt som om vondt ikkje fanst. Ein sat midt i det og fyltest av det alt saman - av det og av noko anna som ein nesten ikkje torde vedstå seg no: kjensla av lykke over alt dette som ein framleis hadde...

HAN

Og 9. april vakna vi av flydur tett over taka på Midtbø. Hittil hadde vi rekna oss som absolutte pasifistar. No? Nei, no visste vi ikkje. Ingen ting visste vi, no lenger.

HO

Vi hørte meldinga om at Quisling hadde utnemnt seg sjølv til statsminister. Aldri verken før eller seinare har eg sett Tarjei så opprørt. Vi sto tett saman, eg kjende kor hardt og fort hjarta hans tok til å slå...

HAN

No skjønar eg det, heile det djevlelske spelet!

HO

Tarjei sat på Juvstøyl og skreiv heile denne fyrste krigssommaren - skreiv Kimen.

HAN

Ei djup sorg kvilte over det vakre landskapet, stunt og utan å

HAN forts.

kunne lette: Ein sat i eit herteke land. Ei grøn øy som
ulukkene slo ned på. At villskap ikkje må tålast, fekk ein
halde klart for augo. Men når tinga likevel er skjedd, så må
vel óg den stakkars skuldige og impliserte få ein sjanse til
å reise seg.

Ellers går det ikkje..., sa ein seg i stilla på Juvstøyl...

~~(Musikk)~~

HO

Det heiter ikkje: eg - no lenger.
Heretter heiter det: vi.
Eig du lykka så er ho ikkje lenger
berre di.
Alt det som bror din kan ta imot
av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av bora til bror din,
må du ta på deg.
Det er mange ikring deg som frys,
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, her, stør her,
barm slår varmt imot barm.
Det hjelper da litt, nokre få forfrosne,
at du er varm!

HAN

Gneisten er der. Gneisten må ikkje slokne, om han er aldri så
dau. Han gjer det ikkje heller. Vi synest vi held på å slokne,
men sperrar oss til att. Det må ikkje bli svart. Det må ikkje
bli stans. Det må skøytast ihop fram til ein komande ljusbolk!

HO

... skreiv han som hadde "ei vedunders evne til å lata småting
og småsuter plage seg..."

9

"Vi sprang ut...

Ho: Men mørkret reiste, og det kom lys

i huset. Monday 7.

Vla. \downarrow $\text{♩} = \text{ca. } 132$ *Sempre pizz:*

Cello *Sempre pizz:*

Handwritten musical notation for the first system. The Violin staff (Vla.) is in treble clef with a 4/4 time signature. It starts with a down-bow stroke and contains several measures of music with notes and rests. The Cello staff (Cello) is in bass clef and contains corresponding notes and rests. Dynamics include *mf* and *Sempre pizz:*.

Vla.

Cello

Handwritten musical notation for the second system. The Violin staff (Vla.) continues with notes and rests. The Cello staff (Cello) continues with notes and rests. Dynamics include *mf* and *Sempre pizz:*.

Vla.

Cello

Handwritten musical notation for the third system. The Violin staff (Vla.) and Cello staff (Cello) conclude the piece with notes and rests. Dynamics include *mf* and *Sempre pizz:*. A large watermark is visible over this system.

Five empty musical staves at the bottom of the page, consisting of five sets of five-line staves.

HO forts.

På ettervinteren 1945 sat han på skriverommet så mykje som aldri verken før eller seinare. Han brukte ellers aldri å arbeide om natta. No kunne eg vakne langt på natt og sjå at det framleis lyste gjennom dørsprekken frå skrivebordslampa hans.

HAN

~~Enn er det ljøs i romma
om det er blive meir enn kveld.
No gjeld det å arbeide
før alt bryt ut i eld.~~

HO

Som vanleg sa han lite eller ingen ting om kva han arbeidde på...

HAN

Det er dette mørkret: Det kom medan huset sov, la seg over, og reiser ikkje att.

HO

Men mørkret reiste, og det kom ljøs i huset.

Mondag 7. mai ⁽⁹⁾ vi sprang ut leande og gråtande, henta flagget, heiste det. Ungane sprang rundt i gardane og fortalde det...

HAN



... Og det blei kveld etter den fyrste dagen...

(Musikk)

(10) Mellommusikk

ca. 88


Vla. 
elb 









110
5/4

(Musikk)

10

HO

Enn brenn det lys i grenda somme stad,
så seint det er. Eg veit at kvar som vaker
med lampa tent i denne natt, er glad!

I andre heimar er det mørkt og skygt.
Der søv dei nok. Eg veit at kvar som kviler
bak nattdim rute no i natt, søv trygt!

Den same glede under alle tak!
Ho får dei svæde til å le i svevne
og vater kinna mildt på den som ho held våk.

Den store glede som vi held i lag!
Svævd eller vakande - i natt er alle hjarte
til randa fylt av takk for fredens første dag!

HAN

Men glede som brusa i mai, stinna til frost om hausten.

(Musikk under)

11

→ vestes!

HAN

I det ho lyfte handa
for å ta tekanna
kom eit blindande ljøs -

var ikkje meir
alt var borte
dei var borte
omlaga til damp og sky,
gåtefullt, oppstigande og stumt.
Rop var ikkje rop i dette.

Men jorda slo høgt og vilt
ein knytteneve mot himmelen
ved mishandling,

- ved det attlevande veit verda rundt
men ikkje orkar fatte:
Hiroshima -

(11) Regn over Hiroshima / No plantar kriuna.

Han Men gløda
som brusa
i mai,
stilla til
frost om
hausten.

→ I det ho lyfte handa / for å ta tekanna / kom eit blenda
- / var ikkje meir / alt var borte /
dei var borte / ombaga til damp og sky /
gøtfullt, oppstigande og stumt / Rop var ikkje
rop i dette. / Men jorda slo høgt og vilt / ein knytt-
neve mot himmelen / ved mishandling, / - ved det
attlevande veit verda rundt /
men ikkje orkar fette : Hiroshima -

Vle.

Cello

8va

8va

(sulA)PP

PP

Ho: Da divar treet
Å jord, var still, var
still si mitt tre for gro!

tr

mp

mf

ord:

HO

Da dirrar treet, og handa som held det,
og grunnen der det er fest.
Kva er det? Skalet kring kjerna
av mørket i djupet som brest?

Ho set dei utspilte hender mot molda
som ville ho tvinge til ro
den trugande dirring. Å, jord, ver still,
ver still, så mitt tre får gro!

(Musikk)

HO

Tarjei hadde alltid yngst at han kunne skrive dikt, men han
fekk det ikkje riktig til. Det var først under affekt at lyr-
ikaren i han sprengde skalet og kom ut.

Når eg syntest det lukkast, vart eg ør av glede.

HO

Dikta var ein viktig del av forfattarskapet hans. Det meinte
dessverre ikkje eg, frå først av.

Det var då eg som skulle skrive dikt!

Men han heldt fram!

HAN

Det gjorde du óg!

(Musikk under)

(12 →)

(12) Det var ei gang / Ireet

Det gjorde du òg.

HAN: Det var ei lita bjørk / som hadde fått lov på nytt lauv / midt i mai, / Ho var mest ikkje ned på jorda / for den skuld / og fordi ho var så grønn

1=ca. 104 pizz: b⁺

Vla. *mf*

Cello *mf* pizz:

Play 3x

Det kom som lora, òg, / ein mai vind / Han gjorde henne ør / og søt i borken / og sår i alle knupper / Ein fugl kom sette seg på naken kvist / og sa det var no

Vla.

Cello

Play 3x

Ho visste ingent ting / denne dagen. / Men då det vart kvelden / sto ho med tunne grøn fargar / over naken og grønt. / Rør og omskapt.

Vla.

Cello

Play 3x

Ør og levande. / Ho løyste seg sakte. / Vart heilt fri for røtene, trudde ho. /

Vla. *mp*

Cello

forte poss. sul D

(12) s. 2

Sigle som eit ljosgrønt slør over åsen. / Borte frå denne staden for

Vla

Cello

Vla

Cello

alltid,

trudde bjørka.

8va

5/4-97

Allegro!

(Musikk under)

12

HAN

Det var ei lita bjørk
som hadde fått lov på nytt lauv
midt i mai.
Ho var mest ikkje nedpå jorda
for den skuld
og fordi ho var så grann.

Det kom som lova òg,
ein mai vind.
Han gjorde henne ør
og søt i borken
og sår i alle knuppar.
Ein fugl kom sette seg
på naken kvist
og sa det var no -

Ho visste ingen ting
denne dagen.
Men då det vart kvelden
sto ho med tunne grønfargar
over nakent og grant.
Rar og omskapt.

Ør og levande.
Ho løyste seg sakte.
Vart heilt fri for røter, trudde ho.
Siglde som eit ljøsgrønt slør over åsen.
Borte frå denne staden for alltid,
- trudde bjørka.

attesa →

H0: sjå treet./Einsamt står det,
nakent/i kaldt, gulbleikt mars-gry/
med skarp kant av skaresnø/kring foten

♩ = a. 76

Vla

Cello

Dei andre tre her på sletta/
står saman signe i stivt bar/
og søv trygt i sin vinter./
Men dette er anleis enn dei

For dette alei

Vla

Cello

er nakent /og ventar lauv.
Knuppene ligg alt som dråpar / tett etter kvar sin kvist

Varsamt og vakt,

Vla

Cello

urørleg står treet og ber sin skatt/med veikt
skin som av perler kring seg frå rot til topp. Gå ikkje norare.

Vla

Cello

12 s. 4

stilt skal det vere
her enno⁺, men snart, snart...

derfor ligg dette
mjuke skimmer vart som ein lykkeleg draum/
over det sovande liv.

Vla

Cello

Sul t: PP slow accel.

Alt på vår jord som bær knupper / og veit si full byrding nær. / har dette

Vla

Cello

Sul C

Sul G

Sul D

Sul C

skimmeret kring seg / av venting og togn og draum. Så rart å ha

Vla

Cello

Sul G

Sul D

Sul A

sett det treet.

Så godt å ha vore det treet / og vere det enno ein

Vla

Cello

Sul D

morgen

(poco)

(poco)

(Musikk under)

12 s.3

HO

Sjå treet.
Einsamt står det, nakent
i kaldt, gulbleikt mars-gry
med skarp kant av skaresnø
kring foten.

Dei andre tre her på sletta
står samansigne i stivt bar
og søv trygt i sin vinter.
Men dette er annleis enn dei.

For dette aleine er nakent
og ventar lauv.
Knuppene ligg alt som dropar
tett etter kvar ein kvist.
Varsamt og våkt, urørleg
står treet og ber sin skatt
med veikt skin som av perler
kring seg frå rot til topp.

Gå ikkje nærare,
Stilt skal det vere her enno,
ingen må vakne her enno,
men snart, snart ---
derfor ligg dette mjuke skimmer
vårt som ein lykkeleg draum
over det sovande liv.

Alt på vår jord som ber knuppar
og veit si fullbyrding nær,
har dette skimmeret kring seg
av venting og togn og draum.

Så rart å ha sett det treet.

Så godt å ha vore det treet
- og vere det, enno ein morgon.

(Musikk)

HO

Det livet vi no tok til å leva, med mykje reising kvar for oss og med mange aktivitetar kvar på vår kant, førte til at vi no for alvor kom til å leva etter det som hadde vore vårt - i alle fall mitt - kjekke prinsipp da vi gifte oss: at vi framleis skulle vere to heilt sjølvstendige menneske.

HAN

Kanskje passa det deg betre enn det passa meg.

HO

"Ja, for Halldis er så sjølvstendig, ho!"

Eg sa at han hadde gift seg med feil kvinne, at han burde - og ville, inst inne - ha hatt ei kone som likna på dei kvinnene han skildrar så tilbedande i Bufastbøkene: ei som står i ustanseleg blått forkle ute ved husnova og "ropar heim".

HAN

Blått forkle?

HO

I hans auge det mest kledelege og sexy av alle kvinneplagg!

HAN

Blått forkle?

HO

...Eller kjole, eller kåpe...

(Musikk)

(13) →

13) "Ukjend" / "I kåpa blå"

H0: ... Elle kjede, elle kåpe. 1=120

H0: Du søkte meg atter i dag / slik som den tørste søker /
 ei kjøleg kjelde i skuggen / ein heit og trøytande d...
 Og atter fann du meg slik / du ventar eg skal vere: /
 kledd i sval blå kjole, / klar øygd med røse drag.

I dag... Men no er det hatt / og naken i
 mørket brenn / ein eld som du aldri har
 skinta / bak kjolen eg tek på for deg: /
 mi svale rø. - /
 Og likevel: er det for den / du kjem hit,
 og ikkje for elden? / Du er òg ukjend for meg.

HAN: I vårens kjøld / i kåpa →

blå/går ho oppover imot- / Røden har sprangt/hennar vittens-kinn/
Stega blir stutte og linne. / Ho kom just ut/ar faderhus- / fullt av dei
tryggaste minne. / Som skote opp / på vår vit veg / står mannen
når dagen er inne. / Hete og frost / inni kipa blå. / Ho går oppover imot.

mp rit rit. P

mf nt. P



(Musikk-intro)

13

HO

Du søkte meg atter i dag
slik som den tørste søker
ei kjøleg kjelde i skuggen
ein heit og trøyttande dag.

Og atter fann du meg slik
du ventar eg skal vere:
kledd i sval blå kjole,
klarøygd med rolege drag.

I dag... Men no er det natt
og naken i mørkret brenn
ein eld som du aldri har skimta
bak kjolen eg tek på for deg:
mi svale ro, -
Og likevel: er det for den
du kjem hit, og ikkje for elden?
Du er og ukjend for meg.

(Musikk intro)

HAN

I vårens kjøld
i kåpa blå
går ho oppover imot -

Roden har sprengt
hennar nittenårs-kinn.
Stega blir stutte og linne.

Ho kom just ut
av faderhus -
fullt av dei tryggaste minne.

Som skoten opp
på vårvåt veg
står mannen når dagen er inne.

Hete og frost
inni kåpa blå.
Ho går oppover imot.

HO

Mykje reising kvar for seg. Den eine heime, den andre ute og
farta.

(14) Overgang

→ "1977. eg fylde 50"

Ho: Som eg var meg

kiert

$\text{♩} = \text{ca. } 126$ molto accel.

$\text{♩} = 126$

pizz: f

pizz: f:

arco: ff

arco: ff



HAN

Best slik...

Har det ikkje vore stussleg å vere åleine?


HO

Nei, stussleg? det har berre vore fint.

HO forts.

Tarjei syntest nok det var meir stussleg å vere åleine på Midtbø. I grunnen gjekk du vel alltid innanfor ein ring av einsemd. Men vi skulle helst vere der, vi andre, tett innpå utsida av ringen.

Best slik...



HAN

HO

Kva veit eg om deg? Berre det som mi hand på leiting, i blinde, har lært. Var det mi synd at eg ville ha meir enn dette - som òg var meg kjært?

(Musikk-overgang)

14

HAN

1947. Eg fylde femti. Stor fest på Midtbø med kunstnarvener frå nær og fjern. Drivende moro!

(15) Overgang → Tårnli var alt lykkelige...

H0: ... etter det siste du
sa. / Seint sig det ned mot botnen / til alt du har gitt meg

$\downarrow = ca 50.$


sul pont. pp

sul pont. pp

mf >

mf >

9



HO

Og det var ikkje det minste dumt at det den natta var så trangt om sengeplass i huset at vi to måtte krabbe til køys i same seng.

HAN

Ikkje det minste dumt!

HO

Enno er du så nær meg.
Handa mi gøymer enno
på varmen frå di.
Auget skil klårt, enno,
fordi det nyss fekk sjå alle ting
saman med ditt.
Enno rørest mitt sinn
i båreringar
etter det siste du sa.
Seint sig det ned mot botnen
til alt du har gitt meg før.

(Musikk - overgang)

HO

Tarjei var alt lykkeleg langt vekk i noko ny slags skriving.
Det var slik med han, sette han seg, så var han i gang straks,
han blei liksom aldri tom - og aldri trøyt, trur eg.

Og han fekk pris - Venezia-prisen for novellesamlinga Vindane.

Han tok imot han i Venezia i april 1953.

I Vinje tala alle om prisen. Ungane og eg venta svært på eit livsteikn frå prisvinnaren. Fleire dagar gjekk, så kom det endeleg eit telegram - og kva sto der?:

HAN

"I think you have heard it."

(17) Übergang "Punktum"

H₀: Punktum #AW: Punktum

♩ = ca. 72

Handwritten musical notation for a transition piece. The score consists of two staves. The upper staff is in treble clef with a 4/4 time signature. It begins with a forte dynamic (f) and features a melodic line with eighth and quarter notes, including accidentals (sharps and naturals). The lower staff is in bass clef, starting with a forte dynamic (f) and a wavy line representing a tremolo or sustained low-frequency sound. The piece concludes with a double bar line. A watermark for "NB noter" is visible in the lower half of the page.

HO

Punktum!

HAN

Punktum!

(Musikk-overgang)

17

HO

Mi diktarevne såg ut til å vera uttømd. Langt mellom kvar gong eit nytt dikt sto på papiret hos meg, no. Hos han kom både dikta og alt det andre tett. Heldigvis kunne eg framleis glede meg over det og over all den store framgangen han hadde.

HAN

Og kva med oss to?

HO

Vi hadde møtte "glassveggens dag." Det kunne bli temmeleg stumt mellom oss. Og det kunne bli tretter, hissige meiningsutvekslingar som ikkje gjorde godt.

HAN

Mellom deg og meg
står ein ljodlaus vind
som ein glassvegg:
Det er glassveggens dag.

HO

Ofte merka vi at folk gjerne ville tru at vi var eit noko nær ideelt ektepar, evig forelska, ublanda søte mot kvarandre. Ein gong kom ei skulejente bort til han og viste han ein liten

HO forts.

biografi over han som ho hadde skrive. Den slutta med at "han lever eit svært lykkeleg liv saman Med Halldis Moren Vesaas." Tarjei sa stutt: Det visste eg ikkje!
Glassveggens dag. den andre er der, så tett innpå og likevel så langt borte.

HAN

Varme som er innestengd blir til frost.
Heitt og rådvilt bankar hjartet,
pansrar seg og ventar, bortom sluket,
veit ikkje korleis møtet skal
koma i stand.
For både du og eg vil over.

HO

I nokre år no var vi iblant lenger frå kvarandre enn nokon gang før eller seinare.
Ein kjenner seg framleis ung, men er sterk merksam på at tida går, og kjenner kanskje ein viss trøytteleik ved det tilvande.
Så blir ein uroleg, ser seg om, rykker i banda - truleg óg for å prøve om banda held. Ein har i det heile lyst til å prøve, utsette seg, våge noko.
Ein kravde, og gav, lang taum. Kor langt taumen vart tøygd skal vere usagt.

HAN

Halldis er så sjølvstendig ho!

HO

I glassveggens dag galdt det å finne styrkekjelder. No, som alltid i vanskelege tider, søkte ein det i den naturen ein

18) "Einsam flygar" (M/1 modul)

HO: kom, ikkje le av den fuglen /
 Som flaksar så hjelpe laust
 av stad / Vinden har skilt
 han frå dei andre / som
 flyg over havet i ei jamn

... andre slags skoger ha var
 komen inn i ...

! = ca. 76 con sord:

Vla

Cello

tett rad. Vinden valte ut denne eine ...

----- slik går det desse einsame titt.

... under stjerner. Ikkje gråt for den fuglen, barn.

Det mørknar viddt over havet. / Ei frostnatt kveser sine jam. /
 Ein fugl flyg einsam under stjerner. / Ikkje gråt for den fuglen, barn. (-)

Vla

Cello

* skift modul så fort den gamle er utpilt første gang eller ny pil. uten pens.

HO forts.

hadde rundt seg, fjella, trea og dei grøne bakkane, synet av vatn i rørsle og vatn i stille. Og ein søkte det i bøkene, i dikt først og fremst. Og samtidig galdt det å finne uttrykk for si eiga indre uro.

HAN

Og no, med eitt, kunne Halldis på nytt skrive dikt. Annleis dikt enn dei tidlegare, frå den andre slags skogen ho var komen inn i...

(Musikk under diktet)

18

Barn, ikkje le av den fuglen
som flaksar så hjelpelaust av stad.
Vinden har skilt han frå dei andre
som flyg over havet i ei jamn, tett rad.

Vinden valde ut denne eine
og kasta han ut av den synlege lei
som fuglar av hans slag plar følgje.
Han er ikkje lenger ein av dei.

Sin eigen veg må han finne,
eller - om han trøytnar om litt -
gi tapt, la seg falle, gå under,
slik går det desse einsame titt.

Det mørknar vidt over havet.
Ei frostnatt kvesser sine jarn.
Ein fugl flyg einsam under stjerner.
Ikkje gråt for den fuglen, barn.

(Musikk slutt)

HAN

Bortanfor stunda,
bortanfor tretteinga
bortanfor pininga
bortanfor harmen

er det ikkje deg
eg ser?

Og aldri var du finare
mot meg,
og vakrare.

(Overgang. Lys?)

HAN

Eg tinga snikkar og fekk innreidd eit arbeidsrom for Halldis..

HO

... eit velsigna rom å få.

HAN

Ho arbeidde godt på det nye rommet. Særleg med gjendiktinga
av Racine' og Shakespeare

HO

Og han? Han vart stadig meir fylt av Mattis. Tusten. Kunstnar-
ren. Dette rare, vesle menneske med fuglehjarte. Og med evne
til å skjøne fuglespråket, fugleskrifta...

(Musikk under)

HAN

"Du er du, var det som det sa til han, slik hørde i alle
fall han det.

Det var sagt på fuglespråk. Sagt med fugleskrift.

19

Overgang Store ting

HAN: Mattis Säg seg iking og sa høgt:

Store ting

♩ = 126 accel
arco: spiccato:


♩ = 126 f accel
arco, spiccato:

♩ = 126 pizz: 0 0 0

♩ = 126 mf rit. ---

f

mp



HAN forts.

Han sto ved eit uttørka dike rett nedunder trekket. Stod trylt og såg. Las ein bodskap til seg, eller kva det måtte kallast.

I den brune slette overflata av diket var det eit lett trakk av fuglefot, og så fanst der mange runde djupe små prikke-hol i myrjorda. Rugda hadde ferdast her. Dei djupe hola var etter nebbet som rugda stakk kav i diket og henta opp eitkvart etande med, og somtid berre prikka og skreiv med.

Mattis bøygde seg og las det som stod. Såg på dei lette dansande spora. Så lett og fin er fuglen, tenkte han. Så lett går fuglen min i myrane, når han er trøyt av himmelen.

Du er du, stod der.

Det var òg ei helsing å få.

Han fann seg ein pinne og prikka eit svar på ein ledig flekk i det brune. Vanlege bokstavar brukte han ikkje, det var for rugda, så han brukte fugleskrift han òg.

Rugda vil vel merke det neste gong ho kjem her. Her er det berre eg som går, og berre eg som skriv.

Og kva sa så fuglen, på sitt fine språk?

Mattis var ikkje i tvil. Det var om stort venskap. Prikk prikk prikk. Uendeleg venskap, tydde det.

Han tok fram trepinnen og prikka med høgtid at det var likeeins fatt med han.

Mattis såg seg ikring og sa høgt:

- Store ting. "

(Musikk ~~clav~~)

19

(Overgang)

HO

Så var det eg som fylde femti. Det skulle gå stilt for seg.
Eg var utanlands. Da dagen kom, sende Tarjei meg eit telegram.
Der sto det berre:

HAN

Prikk prikk prikk.

HO

Uendeleg venskap...

HAN

Prikk prikk prikk.

HO

Det fekk meg til å gå og setje meg aleine ei lang stund...

HAN

Banda heldt.

HO

Ein lærer seg til å akseptere den andre slik han er, gir
opp å prøve på å forandre han. Kall det resignasjon, gjerne
det. Resignasjon er ikkje alltid det same som tap, i samspel
menneske imellom. Det kan ofte vere det motsette.

HAN

Det kan vere respekt...



(20) "Ord over grind / Er du der?"

HAN: Det kan vere
respekt...

HU: Du går fram til mi inste
grind/ og eg går og

↓ J=ca. 66

fram til di / Innan for der er kvar av oss einsam, / og det skal vi alltid bli.

Aldri trengje seg lenger fram / var lona som galdt oss to. /

Anten vi møttest tidt eller sjeldan / var møtet fillit og ro. →


Står du der ikkje ein dag eg kjem / fell det meg lett å shu /
når eg her stått litt og sett mot huset / og tenkt på at

der bur du:

20 s. 2.

Så lenge eg veit du vil kome i blant / som no over kuastrande grus / og
smile glad når du ser meg

stå her, skal eg ha ein heim i ditt hus.



HAN: Er du der? Kom nærare. Og nærare. Det

er godt for hjarta. Stadig meir nakent i natta, stadig meir takksamt

for livet, stadig meir opent for anna / auer eg / ditt / her


mot mi hand. HO: Buff Du heiter Buff HAN: Og du

heiter Buffi. HO: Du er no stadig ein ung mann, veit du - Det veit

Buffi HAN: Det veit Buffi...

(20) s.4

Handwritten musical notation on two staves. The top staff is in treble clef with a key signature of one sharp (F#) and a 4/4 time signature. The bottom staff is in bass clef with a key signature of one sharp (F#). The notation includes various note values, rests, and dynamic markings. A double bar line is present at the end of the first system, with the text "8/17-97" written to its right.



(Musikk)

20

HO

Du går fram til mi inste grind
og eg går òg fram til di.
Innanfor der er kvar av oss einsam,
og det skal vi alltid bli.

Aldri trenge seg lenger fram,
var lova som galdt oss to.
Anten vi møttest tidt eller sjeldan
var møtet tillit og ro.

Står du der ikkje ein dag eg kjem
fell det meg lett å snu
når eg har stått litt og sett mot huset
og tenkt på at der bur du.

Så lenge eg veit du vil kome i blant
som no over knastrande grus
og smile glad når du ser meg stå her,
skal eg ha ein heim i mitt hus.



HAN

Er du der?
Kom nærare.
Og nærare - det er godt for hjarta.
Stadig meir nakent i natta,
stadig meir takksamt for livet,
stadig meir opent for anna
aner eg
ditt
her mot mi hand.

(Musikk slutt)

HO

Buff. Du heiter Buff.

HAN

Og du heiter Buffi.

22

Frå "Isslottet"

Ho: Du skal ikkje gå frå meg meir...

♩ = 56

Handwritten musical score for the first system. It consists of two staves. The top staff is in treble clef and the bottom staff is in bass clef. The key signature has one sharp (F#) and the time signature is 4/4. The tempo is marked as ♩ = 56. The music begins with a piano (p) dynamic. The first staff has a half note G4, a half note A4, and a half note B4. The second staff has a half note F#4, a half note G4, and a half note A4. There are dynamic markings of p, mf, and p throughout the system.

Han: Vi er tæblesarar

.....

Siss sa til seg sjølv: I dag går eg tilbake
til dei andre.

Handwritten musical score for the second system. It consists of two staves. The top staff is in treble clef and the bottom staff is in bass clef. The key signature has one sharp (F#) and the time signature is 4/4. The music begins with a piano (p) dynamic. The first staff has a half note G4, a half note A4, and a half note B4. The second staff has a half note F#4, a half note G4, and a half note A4. There are dynamic markings of p, mf, and p throughout the system.

HO

Du er no stadig ein ung mann, veit du! - Det veit Buffi.

HAN

Det veit Buffi...

Mus. slutt)

HO

I kveld har skyene endeleg
mogna med regn
til den forbrende hagen
der vi fann kvarandre att.

Endeleg kjem det i natt
til tålsame blad og strå,
til alt det stumme som ventar
i grunnen sprukne og grå.

Tungt fell den første dropen
- så losnar eit susande regn,
og hagen ligg vend mot det, open,
utbreidd, så alt skal få.

I heile natt skal det strøyme
mot grunnen og sugast ned
så utpinte røter får drikke
og livne att fleir og fleir

til hagen, som snart skal vakne
grøn att, med glitrande tre,
har gløymt kva det er å sakne.

Du skal ikkje gå frå meg meir...

22 →

(Musikk slutt)

HAN

Eg kom med romanen Brannen i 1961...

HAN

"... Vi er treblåsarar, lokka av ting vi ikkje står imot.
Det er naki og nytt overalt. Eit berg står i rennande vatn.
Det står som ei still lyft øks ut i lufta og kløyver tidene
for oss, så vi kan nå fort nok fram. Vi er venta. Ein liten
sanselaus fugl deisar mot berget og ligg i lyngen, men flag-
rar opp att og viser seg ikkje meir.

Vi er venta.

Vi er mellom dei kvite bjørkeleggene før vi veit ord av.
Det var hit, det er her. Vi er venta. Vår stutte tid blir her.

Det går ein fugl over. Det går eit nes med bjørk ut i sjø-
en. Vår stutte tid.

Siss sa til seg sjølv: I dag går eg tilbake til dei andre.

~~Isslottet fekk ei strålende mottaking. Og den fekk Nordisk~~
Råds litteraturpris. Vi var saman i eit selskap på Hønefoss då
meldinga om prisen kom i radioen.

På vegen heim måtte vi vente ein time på toget. Vi brukte tida
til å gå ein tur.

Ei vanleg søndags formiddags-vandring gjennom eit stilt
kvitt vinterlandskap, berre for å fordriva tida i venting på
eit tog - ikkje anna. Likevel minnest eg denne turen som eit
av høgdepunkta i vårt liv saman. ~~Vi var så glade der vi gjekk~~

(23)

Övergång → "Medan vi går vidare..."

$\text{♩} = 120$

(24)

Övergång → Rikshospitalet

HAN

I 1966 reiste vi til London kvar for oss og budde på kvart
vårt hotell. ^{Eg 69 hos 9} ^{HO} Lik ein forelska ungdom skreiv han brev til meg
- poste restante London - og ba om eit stemnemøte ved Marble
Arch laurdag klokka 19. Dersom eg ikkje kom laurdag, ville
han sjå etter meg sundagskvelden til same tid...
Men eg møtte opp på laurdag. ^{HAN-} Og det gjekk som det ofte går
med forelska par: ^{HO} han overnatta på hotellet mitt...

23

HO forts.

Medan vi går vidare
og alt er tørst og heitt
fortel du kva du drøymde
og kvelden vi ofte stundar til
kjennest så nær med eitt.
Da blir du sanndrøymt. Da kjem vi
til kvileplassen, der lufta er sval.
Der skal vi ta av vår langferdsdrakt,
strekke oss ut under trea
og sove til susen av regn i lauv
den lange natt i ein stille grøn dal.

HAN

Den som skriv, drøymer om å finne noko: ein kan kalle det ein
aldeles kvit stein.

Men ingen har funni han.

Vart han funnen, ville diktinga misse si makt.

Former kan nok gå under, men berre for å skifte. Det som ikkje
går under, er menneskets draum. Draumen fødes på nytt og på
nytt med kvart eit nytt lite barn i mors liv. Så lenge det
finst draum, blir det òg dikting. At formene skifter kan
vera naturleg,

Men ikkje sluttar søkinga etter ein aldeles
kvit stein.

24

(27) "Ta mi hand"

Ho: Han skjønner.... gli vekk inn i eit
veglaust og skoddefylt land.

AN Skal me reise no²

Vla.

Cello

Det eldgamle heite ønsket: / Ta mi hand. /
I alle tider det siste / og det viktigaste: /
Ta mi hand og før meg, før eg fell.
Ta mi hand og reis meg opp / så eg kann
gå dei få stega. / Dei er fem, eller kanskje
sju. / La meg få gå dei / og koma over
streken saleis, / med andletet fram.
Er redd for å bli liggande nedi, /
fem steg frå streken, / andletet i saur
og søppel, /
det er difor. ↓

HO

I midten av januar

1970 vart Tarjei lagt inn på Rikshospitalet. Han blei utskreven først i mars og køyrt til leiligheten på Majorstua. Meininga var at han skulle få koma heim til Vinje før påske. Han lengta heim no. Og kvar gong sonen vår Olav kom i døra, spurde han....

... Skal me reise no?

27

Han skjøna kva veg det bar, og ville heim før det hende. Det tyngste var å måtte sjå korleis han tok til å miste seg sjølv og gli vekk inn i eit veglaust og skoddefylt land.

(Musikk under resten)

41

→ 48

HAN

Det eldgamle heite ønsket:
Ta mi hand.
I alle tider det siste
og det viktigaste:
Ta mi hand og før meg,
før eg fell.

Ta mi hand og reis meg opp
så eg kan gå dei få stega.
Dei er fem, eller kanskje sju.
La meg få gå dei
og koma over streken såleis,
med andletet fram.

Er redd å bli liggande nedi,
fem steg frå streken,
andletet i saur og søppel,
det er difor.

HO

Siste dagen Tarjei levde var ein søndag. Den dagen kom han seg
opp og sat litt saman med sine næraste og kjæraste. Og om et-
termiddagen sovna han stilt inn. Eit innlandshjarte, eit fug-
lehjarte - eit kunstnarhjarte hadde slutta å slå...

HAN

Skuggane sig innover sletta
som kjølege rolege venner
etter ein steikande dag.

Vår hug er eit tagalt
skuggerike.
Og skuggane sig innover
med sine vennlege gåter
og si dimme bløming.

Dei første skuggespissane
når fram til
føtene våre.

Vi ser roleg opp:
Er du alt der,
min mørke blom.

(28)

Nesten ingen ting

HAN: Er du alt der, min mørke blom. ♩ = 100

Handwritten musical score for the first system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The time signature is 3/4. The key signature has one sharp (F#). The music is marked with dynamics such as *mf* and *p*. There are some handwritten annotations like "Lento" and a downward arrow pointing to a note in the first measure.

H0: Utgangsporten er i sikte. / Da samlar ein saman / det ein vil ha hos seg / så lenge ein

Handwritten musical score for the second system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The time signature is 3/4. The key signature has one sharp (F#). The music is marked with dynamics such as *p*, *mf*, and *pp*. There are handwritten annotations "con sord:" above and below the staves. The system ends with a double bar line and the numbers "101" and "PP" on the right side.

er her på denne sida / sorterer ut / Streng sortering / Likevel

så mykje / som er verd å halde fast på / Det. Og det. Og det. / Kva som

Handwritten musical score for the third system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The time signature is 3/4. The key signature has one sharp (F#). The music is marked with dynamics such as *pp*. There are handwritten annotations "101" and "pp" on the right side. A large watermark "NABUCCO" is visible over the score.

er mest verdt / veit eg ikkje / og kva tyder mål og vekt?

Men no, i sdefallet / dette tunet der eg har trødd i

Handwritten musical score for the fourth system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The time signature is 3/4. The key signature has one sharp (F#). The music is marked with dynamics such as *pp*. There are handwritten annotations "101" and "pp" on the right side.

Two empty musical staves at the bottom of the page.

seksti somrar/ blir
hjarta fullt av takk og pris/ for noko som
er nesten ingen ting/; krittkløveren som myldrar/ rind

Handwritten musical notation for the first system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The treble staff has a whole note on G4, a whole note on A4, and a whole note on B4. The bass staff has a whole note on G2, a whole note on F2, and a whole note on E2. Vertical lines connect the lyrics to the notes: 'seksti somrar/ blir' points to G4, 'hjarta fullt av takk og pris/ for noko som' points to A4, 'er nesten ingen ting/;' points to B4, 'krittkløveren som myldrar/' points to G4, and 'rind' points to A4.

skott tett ved rund skott / rundt steinane og i
vegkanten / og lar sin søte, blyge pust/ så vidt merkast i den lufta ei
andri

Handwritten musical notation for the second system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The treble staff has a whole note on G4, a whole note on A4, and a whole note on B4. The bass staff has a whole note on G2, a whole note on F2, and a whole note on E2. Vertical lines connect the lyrics to the notes: 'skott tett ved rund skott / rundt steinane og i' points to G4, 'vegkanten / og lar sin søte, blyge pust/' points to A4, 'så vidt merkast i den lufta ei' points to B4, and 'andri' points to G4.

Og linerla. Vippestjert i soloballett/ på rekordvraske bein / fram og tilbake,

Handwritten musical notation for the third system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The treble staff has a whole note on G4, a whole note on A4, and a whole note on B4. The bass staff has a whole note on G2, a whole note on F2, and a whole note on E2. Vertical lines connect the lyrics to the notes: 'Og linerla. Vippestjert i soloballett/' points to G4, 'på rekordvraske bein / fram og tilbake,' points to A4.

hit og dit. / Alltid berre ei. / Skulle tru det var den same / gjennom alle

Handwritten musical notation for the fourth system. It consists of two staves: a treble clef staff and a bass clef staff. The treble staff has a whole note on G4, a whole note on A4, and a whole note on B4. The bass staff has a whole note on G2, a whole note on F2, and a whole note on E2. Vertical lines connect the lyrics to the notes: 'hit og dit. / Alltid berre ei. / Skulle tru det var den same / gjennom alle' points to G4, 'hit og dit. / Alltid berre ei. / Skulle tru det var den same / gjennom alle' points to A4, and 'hit og dit. / Alltid berre ei. / Skulle tru det var den same / gjennom alle' points to B4.

(28) s. 3.

dei seksti somrane. / Kvit kløveren. Linerla. / Så smitt og

Handwritten musical notation for the first system, consisting of two staves. The top staff is in treble clef and the bottom in bass clef. Both staves show a whole note chord on the first line of the staff, with a '4' written below the first staff. Arrows point from the lyrics above to the notes on the staves.

stillferdig. / Ja. Og så dyrebart. / Nesten nok, bare dette, i kveld.

Handwritten musical notation for the second system, consisting of two staves. The top staff is in treble clef and the bottom in bass clef. The top staff shows a whole note chord on the first line, followed by a brace and a whole note chord on the first line. The bottom staff shows a whole note chord on the first line, followed by a brace and a whole note chord on the first line. Arrows point from the lyrics above to the notes on the staves.

Handwritten musical notation for the third system, consisting of two staves. The top staff is in treble clef and the bottom in bass clef. The top staff shows a whole note chord on the first line, followed by a whole note chord on the first line, and a whole note chord on the first line. The bottom staff shows a whole note chord on the first line, followed by a whole note chord on the first line, and a whole note chord on the first line. Arrows point from the lyrics above to the notes on the staves.

Empty musical staves for the fourth system, consisting of two staves.

HO

Utgangsporten i sikte.
Da samlar ein saman
det ein vil ha hos seg
så lenge ein er på denne sida.

Sorterer ut.
Streng sortering.
Likevel så mykje
som er verdt å halde fast på?

Det. Og det. Og det.
Kva som er mest verdt
veit eg ikkje,
og kva tyder mål og vekt?

Men no i solefallet
i dette tunet der eg har trødd i seksti somrar
blir hjartet fullt av takk og pris
for noko som er nesten ingen ting:

Kvitkløveren som myldrar
rundt skolt tett ved rund skolt
rundt steinane og i vegkanten
og lar sin søte, blyge pust
så vidt merkast i den lufta ein andar inn.

Og linerla. Vippestjert i soloballett
på rekordraske bein
fram og tilbake, hit og dit.
Alltid berre ei.
Skulle tru det var den same
gjennom alle dei seksti somrane.

Kvitkløveren. Linerla.
Så smått. Så stillferdig.
Ja. Og så dyrbart.
Nesten nok, berre dette, i kveld.

(HO ut)

29

SLUTT